



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Teknisk forvaltning			Tore Johan Erstad	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	23/1541	Klassering:	

Forvaltning av hjort - Kriterium for fri kalveskyting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren kan gje løyve til fri kalveskyting etter søknad. Følgjande alternative kriterium skal leggest til grunn:

- Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan
- I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang
- Der omsyn til trafikktryggleik gjer seg gjeldande
- I område med høg førekomst (tettheit) av hjort
- Søknad må vere motteke seinast innan 15. august 2023

I tillegg gjeld følgjande:

- Kommunedirektøren kan på eige initiativ, sjølv om søknad ikkje er motteke, gje løyve til / tilbod om fri kalveskyting i område der kriteria angitt ovanfor gjer seg gjeldande.»

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren legg i denne saka frem forslag til kriterium til vurdering av løyve til fri kalveskyting for jaktseasonen 2023. Det vert vist til vedtak gjort av Plan- og kommunalteknisk utval i møte 24. mai 2023:

«Utvalet tek orienteringa om resultata etter hjortejakta i 2022 til etterretning. Utvalet vedtek med bakgrunn i forvaltingsplanen for hjort og resultata frå jakta i 2022 følgjande rammer for jakta i 2023:

Ramma for tildelte dyr vert uendra frå 2022, dvs. ei ramme på 819 dyr.

Utvalet er uroleg for det store uttaket av vaksne hodyr og vil difor be om at tildelingane blir endra med ein høgare % på kalv og ungdyr innanfor dei rammene som forvaltningsplanen gjev, med dette 70 % kalv og ungdyr, 30 % vaksne over 1,5 år

Utvalet bed om at administrasjonen kjem med forslag til kriterie for adgang til fri kalveskyting i årets jakt etter søknad, til neste møte i utvalet

Utvalet vil be om at ein fullstendig gjennomgang av jaktresultata for 2022 og 2023 vert lagt fram i tide til ei vurdering av om forskrifta om minsteareal trengs å justerast innan fristen 15.3.2024»

Dokumenta frå førre utvalsmøte om saka ligg ved.

Vurdering

Det er eit delmål for hjorteforvaltninga i Osterøy kommune å redusere og stabilisere hjortestamma på eit lågare nivå, sjå punkt 5.2.1 i Forvaltningsplanen for hjort i Osterøy kommune for 2022-2025. Hjortestamma er vurdert til å vera for høg i høve til skadar i jord og skogbruk, beitegrunlaget, trafikkskadar og biologisk mangfald. Dette er òg grunngevinga for at kommunen har søkt om dispensasjon for fri kalveskyting som eit verkemiddel i tillegg til ordinær tildeling.

Føremålet med å gje løyve/tilbod om fri kalveskyting er å auke uttaket av kalvar ut over det som normalt skal fellast. Kvotefri tildeling inneber difor ikkje at eit vald med bestandsplan eller eit bestandsplanområde kan droppe å felle kalvar.

Det vert vist til opplysningar frå Miljødirektoratet om føresetnadene for kvotefri jakt på hjortekalv på nettsida [hjortevilt.no](https://www.hjortevilt.no). Her kjem det mellom anna fram at jaktrettshavar kan nekte å felle, eller nekte andre å nytte dispensasjonen til å felle frikalv av hjort på deira eigedom.

Kriteria under framlegg til vedtak ovanfor er utarbeidd med omsyn til kjente konfliktpunkt mellom hjorten og andre kryssande samfunnsomsyn. Det er særleg omsynet til å redusere beiteskadar og trafikkskadar som vil vere relevant.

Føremålet med å stille krav om søknad frå valda, er å fremje dialog og samarbeid i det einskilde vald om spørsmålet. På den måten kan ein oppnå betre kjennskap, samarbeid og resultat ved forvaltninga av hjortebestanden. For å sikre fleksibilitet og som ein tryggleiksventil, vert det òg fremma forslag om at kommunedirektøren på eige initiativ kan gje tilbod om fri kalveskyting i område ein er kjent med høg førekomst av beite- eller trafikkskadar.

Ein kunne, slik det vart gjort i fjor, gjeve løyve/tilbod om fri kalveskyting i heile kommunen. Dette ville vore enklare reint praktisk. Kommunedirektøren vurderer at metodikken framlegget til legg opp til inneber ein noko meir konkret og nyansert tilnærming. Dette vil gje valda ein stemme ved avgjerda og derfor involvere dei på ein hensiktsmessig måte. Dersom dette vert vedteke, vil kommunedirektøren informere valda om ordninga i samband med ordinær tildeling.

Konklusjon

Kommunedirektøren vil foreslå at administrasjonen kan gje løyve til fri kalveskyting etter søknad, og at følgjande (alternative, ikkje kumulative) kriterium skal leggast til grunn:

- Søknaden gjeld vald med godkjent bestandsplan
- I jordbruksområde med interesse- og arealbrukskonfliktar av monaleg omfang
- Der omsyn til trafikktryggleik gjer seg gjeldande
- I område med høg førekomst (tetttheit) av hjort
- Søknad må vere motteke seinast innan 15. august 2023

I tillegg gjeld følgjande:

Kommunedirektøren kan på eige initiativ, sjølv om søknad ikkje er motteke, gje løyve til / tilbod om fri kalveskyting i område der kriteria angitt ovanfor gjer seg gjeldande.»

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost